

## Det er tanken som tel ...

Sjå siste side

*IHM ynskjer alle abonnentar ei riktig god jul og eit godt nytt år!*



**I julehøgtida er det mykje fokus på MAT – men kva med matavfallet?**

Sjå side 2



**Mange er blitt flinke – men framleis ein del med forbedringspotensial ...**

Sjå side 3



## Leiaren

Kåre Flatlandsmo  
kaare@ihm.no

## Matavfallet

Av dei avfallstypene vi etter kvart er vorte vant med å sortere ut, er kanskje matavfallet den viktigaste. Difor er det lenge sidan vi starta med utsortering av dette avfallet, slik at det kunne gå til eiga handsaming der ressursane i maten vart utnytta.

Framleis er det for mykje matavfall i restavfallet. Dette vert understreka av at vi i vår region mest ikkje har auke i innsamla mengde matavfall, sjølv om ein jamn auke er tendensen i landet elles. Vi spør oss sjølve om kva som kan vere årsaka til dette. Er vi rett og slett vorte likegyldige med sorteringa og treng å kome inn på rett spør att? Som eigen avfallstype kan matavfallet vere til god nytte, for eksempel bearbeidd til jordforbetningsmiddel og som råstoff til biogassproduksjon. Blanda med restavfall er det til ulempe. På deponiet vil matavfall produsere metangass som er ein av dei sterkaste klimagassane.

Matavfall er ein viktig ressurs. Vi har lange tradisjonar i å utnytte verdien i dette

avfallet, og slik vil vi at det framleis skal vere. Difor vil vi styrke informasjonen om dei ulempene det fører med seg at matavfallet vert blanda med restavfallet og vi vil undersøkje nærare kvifor det er vorte slik. Vi vil også sjekke restavfallsdunkane ute på innsamlingsrutene.

I nær framtid står vi framføre eit heilt nytt regime i avfallshandsaminga, der effekten av å blande matavfall i restavfallet må nøytralisert heilt. Dette er ein krevjande prosess som kostar meir di meir matavfall som er iblanda. Kven som til slutt må betale denne rekninga, er det vel ikkje så mykje tvil om. Dette er også ein god grunn til å verte mykje betre på å sortere ut matavfallet.



## Mat – avfall

I adventstida og julehøgtida er det mykje fokus på MAT. Mat er viktig for å skape stemning, syne at vi er gjestfrie, og ikkje minst halde i hevd tradisjonar. Men jula er og høysesong for å kaste mat.

Tidlegare i år skreiv vi i IHM Info at: "Vi kastar mat som aldri før ... " I følgje Statistisk Sentralbyrå er matavfall den avfallstypen som har vokse raskast i Noreg dei siste 5 åra. Innsamla mengde matavfall i vår region har likevel stått omtrent stille i same periode.

Ut frå stikkprøver vi har tatt av restavfallet og det renovatørane rapporterer frå rutene, er det diverre alt for mye bioavfall som vert kasta i restavfallet. Her har mange av oss ein jobb å gjere for å verte betre på sortering!

**Det er ikkje for moro skuld at matavfall skal sorterast ut!**

IHM har hatt pålegg om utsortering av matavfall sidan 1996. Matavfall i deponiet resulterer i produksjon av metan, ein drivhusgass som er 21 gonger sterkare enn CO<sub>2</sub>. Sjølv om deponiet på Bjørkemoen har eit moderne oppsamlingsanlegg for metangass, er det likevel eit mål å syte for minst mogleg produksjon av metangass. I tillegg vert utsortert matavfall omgjort til ein verdifull ressurs anten matavfallet vert kompostert heime, eller i eit komposteringsanlegg.

Tenk på at du kan bidra til eit betre klima dersom du kastar minst mogleg av matrestar og kjeldesorterer avfallet ditt – så enkelt!

# Stort sett skryt

– Men noko kan framleis verte betre ...

Jan Helge Bidne og Jon Almeland smiler om kapp med sola, når dei gjev rapport frå felten. Dei "nye" bilane, som har fått nesten tre år på baken, har absolutt innfridd forventningane. Det fyrste dei tenkjer på er arbeidsmiljøet. – Det kjennast sunnare å sitje inne i bilen når ein tømmer dunkar, enn å stå ute og puste inn støv og skit og – ja du vil ikkje tru kva ein kunne risikere å få over seg i "gamle dagar". Kaldt var det og om vintrane å hengje bakpå bilen, og ikkje alltid trygt heller...

Elles nyttar dei høvet til å skryte av folk, og kor flinke dei har vortne til å plassere dunkane rett. – Den fyrste tida etter at dei nye bilane vart tekne i bruk, var det litt kaotiske tilstandar, særleg på samleplassane. Men det gjekk ikkje så alt for lang tid før dei fleste hadde fått med seg at det måtte enkelte tilpassingar til for dei nymotens bilane. I dag finn dei stort sett dunkane på rett side av vegen, med lokopninga mot midten av vegen og med god avstand mellom bio-dunken og restavfallsdunken. Eg trur ikkje nokon tenkjer på dette som ekstra arbeid, slik vi kunne høyre nemnd då ordninga vart innført. Men sjølvsagt, enno finst ein del etternølarar... så vi må jo oppfordre også desse om å få med seg endringane.

Skal dei kome med hjartesukka sine, er det fyrst og fremst at mange kunne vore flinkare til å halde dunkane sine reine, særleg biodunkane om somrane. – Mange tenkjer nok ikkje på at dette også er ein del av arbeidsmiljøet vårt!

Om hausten og vinteren er det meir opplevingar som at matavfallet til tider kan fryse fast i biodunken. Eit



Litt oppfrisking:

Jan Helge Bidne syner perfekt oppstilling på samleplass!

tips då er å leggje nokre aviser o.l. i botnen og opp langs sidene, og sjølvsagt bruke pose til matavfallet og ikkje leggje det laust i dunken.

Renovatørane merker seg og at ikkje alle er like flinke til å sortere ut matavfall. – Tunge restavfallsdunkar tyder som oftast at det er matavfall i dunkane. Ei slik utvikling fører til at IHM må ta til med å kontrollere restavfallet til abonnentane, i tillegg til å arbeide med å motivere til gode haldningar og handlingar. Er du flink til å sortere, får du og betre plass i restavfallsdunken, avsluttar dei to karane.

- Dunken på høgre side av køyreretninga til bilen og lokopninga er fram mot midten av vegen. Sjå grøn pil på loket som er sett på dei fleste dunkane
- Dunkar med same avfallstypen står parvis. Dunken som er "til overs" står for seg sjølv. Avstanden mellom para er slik at ein kan gå imellom para
- Der det kun står ein av kvar dunk, er avstanden slik at ein kan gå imellom dunkane
- Dunken er plassert med avstand til mur, gjerde, stolpar og liknande
- Dunken skal hentast inn att snarast etter tømning

I samråd med Ullensvang herad og brukarane ynskjer IHM å splitte opp dei største samleplassane, særskild i Lofthus og Kinsarvik. Det vert teke kontakt med brukarane område for område.

## Sal av kompostbinge!

IHM har teke inn Cipax kompen for sal. Denne kompostbingen er produsert i polyetylen som kan gjenvinnast. Alle metalldelar som spenner, skruar og liknande er rustfrie. Cipax vart i 1995 tildelt lisens for bruk av det nordiske miljømerket SVANEN på Cipax kompen.

Ta kontakt med IHM dersom du ønskjer å kjøpe bingje. Dersom du ikkje tidlegare har teke imot tilskot ved kjøp av bingje, får du støtte (gjeld kun IHM-abonnentar!). Du får og redusert renovasjonsgebyr når du komposterer. Bioposar får du kjøpt i dei fleste daglegvarebutikkar. Desse vert brotne ned under komposteringa. Strø til kompostering får du tak i på IHM sitt avfallsmottak på Voss. Les meir om Cipax kompen og om kompostering på [www.ihm.no](http://www.ihm.no)



Den skal tidleg krøkjast... Ungar frå Lassebakken barnehage flokkar seg rundt kompostbingen. Den har fått plass midt på leikeplassen i barnehagen!

# Kjøp mindre – det er tanken som tel ...



Svein Ulvund

I bruktbutikken "Patina" på Evanger finn du så mykje fint at du kan hende sit att med dei fleste gåvene sjølv ...

## Miljøproblem i gåveinnpakking

Gjev du vekk gåver som inneheld miljøgifter, gjev du og mottakaren eit ansvar for at produktet vert levert på rett måte når det skal kasserast! Elektroniske og elektriske produkt inneheld tungmetall som bly, kadmium, kvikksølv, bromerte flammehemmarar og andre miljøgifter.

Mange produkt inneheld helseskadelege stoff. Ville du sjølv likt å få slike i gåve? Sjå etter miljømerking.

## Retro, gjenbruk og opplevingar

Gode idear gleder ofte dobbelt. Du slepp å ha dårleg samvit og mottakaren slepp å sitje att med eit miljøproblem. Hugs og at kvalitet gleder lenge!

## Gåvetips:

### ♥ Tenester i kvardagen



### ♥ Kortreist mat og drikke



Svein Ulvund

### ♥ Heimelaga



Svein Ulvund

### ♥ Opplevingar



### ♥ Kjøp brukt



### ♥ Naturleg vis



Svein Ulvund

Les "Juleguiden 09" og om miljømerking på [www.gronnhverdag.no](http://www.gronnhverdag.no)

## Opningstider for miljøstasjonane i IHM- regionen

(Sjå kart på [www.ihm.no](http://www.ihm.no))

Kommune	Miljøstasjon	Opningstid
Eidfjord	Simadalen	Tors 12.00 - 18.00
Granvin	Røystrand	Ons 12.00 - 17.45
Jondal	Pineskår	Tors 12.00 - 18.00
Ullensvang	Husemoen og Øyjordet	Tors 12.00 - 18.00
Ulvik	Holmen	Tys 12.00 - 18.00
Voss	IHM, Bjørkemoen 60	Mån - ons og fre: 08.00 - 15.30 tors 08.00 - 18.00

Sjå lokalavisa eller [www.ihm.no](http://www.ihm.no) for opningstider i jola



Julepapir skal i restavfallet. Grunnen til dette er at det inneheld for mykje farge og for lite fiber til at det kan gjenvinnast.



Framsida: Framsidedfoto er teke av Agurtxane Concellon frå Spania. "Agur" er frilansfotograf og grafisk designar. Ho har budd i Eidfjord sidan 2007 der ho driv sitt eige studio og firma.

Indre Hordaland Miljøverk er eit interkommunalt avfallsselskap. IHM arbeider med kommunale renovasjonsordningar og miljøvenleg avfallshandsaming i desse kommunane

EIDFJORD  
KOMMUNEGRANVIN  
HERADJONDAL  
KOMMUNEULLENSVANG  
HERADULVIK  
HERADVOSS  
KOMMUNE

Redaksjon:  
Kåre Flatlandsmo, dagleg leiar  
Helen K. Søybye, kontorleiar  
Gunnar Bråten, driftsleiar  
Ellen T. Astrup, leiar info og miljø

Kontakt:  
Adresse: Postboks 161, 5701 Voss  
Kontor: Bjørkemoen 60, 5700 Voss  
Heimeside: [www.ihm.no](http://www.ihm.no)  
Telefon: 56 52 99 00

Telefax: 56 52 99 01  
E-post: [ihm@ihm.no](mailto:ihm@ihm.no)

